

Figur 1: Utsnitt fra Situationskart over Det Øvre District af Jedderen fra 1816. Laget av Claus K. Worsøe, Captain af Westerlehn.

SKYSSTASJON OG LANDHANDEL PÅ SØYLAND I NÆRBØ

OVE TOBIAS GUDMESTAD

Dei som reiste over Jæren på 1800 talet var avhengige av skysstasjonane. Her kunne dei bytte hest eller verte skyssa vidare. Her var det også mogleg å få overnattat.

Det var naturleg at det vart oppretta ein slik stasjon på Søyland sidan arbeidet med postvegen sørover Jæren stogga på Søyland i 1805. Denne vegen, som avløyste Kongevegen, byrja dei på Stavanger i 1789, medan arbeidet med bru over Hå-elva ved Njærheim først vart starta opp i 1838.

Skysstasjonane fekk mindre betydning etter jernbanen kom i 1878, men på Søyland heldt dei fram med landhandel til 1914 og fram til 1920 selde dei dynamitt i krambuha her.

Vegar over Jæren

Ein kan finne påbod om pliktarbeid på vegane i Gulatingslova av 950 og i Magnus Lagabøter si Landslov av 1274¹

Den første forordninga om forandring og forbetring av vegane i Noreg vart gjeven av kong Kristian IV den 14. februar 1636². Det vart påbode at dei viktigaste ridevegane skulle utbetraast til køyrevegar med bruver over vassdraga i staden for vad³. Dette vart opphavet til Kongevegen over Jæren som stort sett fylgde den gamle ridevegen utanom dei største stigningane på Jæren.

Amtmann de Fine² nemner i 1745 at Kongevegen frå "Stavanger over Jæderen til Egersund" er 7 1/2 mil. Det kunne då brukast karjol 6 mil frå Stavanger til Sirevåg. Til å halde vegane og bruene i stand "maae hver tilhørende skibbredders Almue een gang hvert aar, eller saa ofte fornødiges, infinde sig paa Veje- og Broe-arbeidet". Dette var ubetalt pliktarbeid for bøndene etter eit kongeleg påbod i 1643³. De Fine

nemner bruene ved "Brueland, Schieveland, Nærem, Nordvarhoug, Sørvarhoug, Voulens og Ogne". De Fine skriv og at det er "trende gastgivære i Jæren Fogderi", dette var i Sandnes, på Ree og på Hårr³.

Kartet på side 113, sjå også⁴, viser korleis Kongevegen gjekk frå Hå over til Njærheimsgarden og vidare til Søyland rundt år 1800. Lenger sør er det kjent at Kongevegen gjekk opp til Vigre austanom Reime og Obrestad og sørover langs brekkekanten³. Det er elles skrive mykje om den gamle Kongevegen (sjå^{5, 6 og 7}).

Den eldste hovedvegen over Jæren er den gamle postvegen frå Stavanger til Egersund. Amtmann F. O. Scheel sette igang arbeidet med denne vegen i 1789. I 1805 var vegen komen til Søyland i Nærbø^{1, 8}.

Scheel prioriterte den rette linja over haug og hammar og det vart kraftige stigningar som var vanskelege å forsere med kjerrelass³. Spesielt vanskeleg var det over Tubakken når vegen vart oppbløytt og mest uframkomeleg. Det var derfor ein god del misnøye med vegen.



Figur 2: Teikning av Søyland ca. 1890 (ved A. Roxmann).

Ved Søyland stansa arbeidet opp grunna vanskelege tider under Napoleonskrigane. Den gamle Kongevegen vart lenge nytt til Ogsa, men etter at Noreg vart sjølvstendig, vart interessa for samferdsel større att. Figur 1 viser eit utsnitt av eit kart som Claus Harthvig Worsoe teikna i 1816. Dette er det eldste vegkartet som finnes i Rogaland⁹. Det var vel naturleg at arbeidet stansa på Søyland sidan det var naudsynt med ny bru over Håelva ved Nesheim. Brua her vart først sett bort på anbud i 1838¹. Utover på 1800 - talet vart postvegen ein del omarbeidd for å unngå dei verste stigningane og ei detaljert oppmåling i 1847 (figur 3) viser traseen frå Klepp til Varhaug¹⁰. Merk særleg at vegen gjekk gjennom tuna på Søyland og Nesheim. Postvegen frå Søyland var ferdig til Brusand i 1838 og kom i bruk i 1840. Utanom postvegen frå Søyland til Hårr er det i Hå kommune prestevegen frå Hå til Nærø som først er nemnd. Denne vegen var truleg ferdig til Nærø kyrkja vart innvигd i 1834.

I tida fram til 1820 - 30 nyttta oftast bøndene kjerrene berre til vårvinna og torvkøring. Først etter denne tida vart det bruk for køyrevegar for bøndene¹¹.

Fram til 1824 hadde futen tilsyn med vegane, men veglova som kom det året, gav amtet ansvar for bygging av hovedvegar. Vedtak om bygging og vedlikehald av bygdevegar låg under skipreia fram til vegstellet kom under heradet etter den nye veglova av 1851¹. Først då kom det fart i vegutbygginga¹².

Skysstasjonen på Søyland

Etter skysslova av 1816 vart det sett opp faste skysstasjonar. Frå Sandnes og sørover vart det slike stasjonar på Skjæveland, Ree, Søyland, Hårr og Ogsa⁶. Figur 1 viser også at det i det minste var planlagt stasjon på Varhaug. I samarbeid med desse stasjonane var det gjestgiveri.

Det var Tjærand Isakson, f. 1770, som byrja med skysstasjon på Søyland¹³. Tjærand bygsla halvparten av garden Søyland: 12 spand av Gabriel Schancke Kielland og 6 spand av presten Søren Mikael Kastrup i 1796¹⁴. Han og naboen Theofilius Tønnesen vart i 1847/1848 dei første sjølveigande bøndene på garden.

Det er fortalt om Tjærand¹³ at han skyssa ein storkar til Ree i kjerre med 8-kanta hjul. Frå Ree gjekk turen vidare på hestesal, så det var nok finare skyss nordover.

Ola Tjeransen som overtok etter faren i 1849 heldt fram med skysstasjonen og Henrik Olsen Søiland som overok 8 13/16 spand av bruket frå faren i 1866 heldt truleg ved lag skysstasjonen ei tid¹⁴, og Harald Søiland¹³ fortel at dei på Søyland skyssa mellom Ree og Hobberstad utover slutten av 1880-talet. Dei faste køyrarane var lønte av staten med 2/3 og av fylke og kommune med 1/6 kvar utanom den lovfeste betalinga⁸.

Med jernbanen i 1878 flytte skysskaffarane til stasjonane. Dei måtte der tevla med private hesteeiga-

rar og vognmenn. Slik vart det mindre behov for skyss langs postvegen.


Landhandelen på Søyland

Fram til 1800 måtte ein ha byborgarbrev for å selje varer ute på landsbygda. Først i 1851 anbefalte heradstyret i Hå (Nærø-Varhaug) at Erik T. Hobberstad fekk drive landhandel "i forening med Gjæstgiveri på Hobberstad". Ikkje lenge etter vart det landhandel på Gausland (i 1854), på Harr og i 1857 på Søyland⁸.


På Søyland dreiv Henrik Olsen landhandelen fram til 1914 i ein fløy av våningshuset. Han selde brød, kaffe, sukker, såpe, sko, ler, tobakk og dynamitt. Dynamittutsalget heldt fram til 1920. Harald Søiland¹³ hugsar at faren Henrik Henriksen køyrd dynamitt i kjerre frå Stavanger for det var forbudt å frakte dynamitt med jernbanen. Turen tok 2 dagar og det vart handla både dynamitt og andre varer. På garden var det eit eige nedgravd lager til sprengstoffet. Dette dynamittlageret låg eit godt stykke frå husa og det neverkledde taket låg like ned til jorda. Døropninga var ikkje meir enn 1,3 x 1 m og det var stor solid lykje i døra¹⁵. Knall vart lagra i krutrøyr i matbuia i kjelaren.

Dynamitten som vart oppfunnen av Alfred Nobel i 1866 var viktig for dyrkinga av Jæren og før han kom, nyttja bøndene krut til å skyte sundt steinane. Då skaut dei ofte berre toppane av dei største steinane og let resten ligga¹³.


I 1889-1890 bygde dei nytt heimehus hos landhandlaren på Søyland. Figur 2 (teikning av A. Roxmann frå gammalt fotografi) viser korleis nyhuset til venstre skil seg frå dei andre husa som er i gammal stil. Postvegen kjem opp i tunet frå sør og svingar



Figur 3: Oppmåling av Postvegen 1847. Oppmåling ved C. Langberg.



114



Tilvisningar

- 1 T. Obrestad og Lars M. Reiestad: "Hå, Nærø-Varhaug. 1837-1937", Nærø og Varhaug kommune, Dreyer, Stavanger 1939.
 - 2 Bendix Christian de Fine: "Stavanger Ampes udførlige Beskrivelse 1745". Nytrykk, illustrert jubileumsutgåve, Rogaland Historie og Ættesogelag 75 år, Dreyer Bok, Stavanger, 1987.
 - 3 Signaturen H.E.: "Ferdelsvegar over Jæren i gamal tid". Bondevennen, Stavanger, side 560-561, 1979.
 - 4 Ottar Rønneseth: "Gard og Einfriedigung, Entwicklungsphasen der Agrarlandschaft Jærens", særtrykk av Geografiska Annalen series B, special Issue No. 2, 1974. Meddelanden från Kulturgeografiska Institutionen vid Stockholms Universitet, Nr. B29, 1974. Dreyer, Stavanger, 1974.
 - 5 Trygve Stokka: "Den gamle Kongevegen over Jæren". Årbok for Jæren og Dalane 1953, s. 109-122. Gjøstein Boktrykkeri, Stavanger, 1953.
 - 6 C. Særehim: "Den gamle Kongevegen over ein del av Jæren og inn i Dalane". Årbok for Jæren og Dalane, 1953, s. 123-125. Gjøstein Boktrykkeri, Stavanger, 1953.
 - 7 J. Grude: "Jæderen. Kulturhistoriske skildringer fra det 19de Aarhundre", 1908. Nytrykk, Stabenfeldt, Stavanger, 1976.
 - 8 Ragnar Fitje: "Nærø Sparebank 1859-1959. Banken og bygda i 100 år". Dahles boktrykkeri, Sandnes, 1960.
 - 9 Magne Olsen og Pål Christensen: "Naturen tok veg tilbake. Om eit 175 år gammalt kart i statsarkivet i Stavanger". Stavanger Aftenblad, laurdag 13. april 1991.
 - 10 C. Langberg: "Kart over Hovedveien gjennom Stavanger Amt oppmaalt i Aaret 1847". Riksarkivet, Oslo, ID 12.
 - 11 Tønnes Sirevåg: "Jæren på veg frå naturalhushaldet. Jærsk næringsliv før jernbanen kom. 1800-1875". Aktietrykkeriet i Stavanger, 1938.
 - 12 Lisabet Risa: "Bilete frå Hå. Folk og miljø 1860-1950". Kulturetaten i Hå, 1990, Partner Print, Stavanger, 1990.
 - 13 Samtale (august 1992) med Harald Søiland f. 1914.
 - 14 Torgeir Edland: "Gards og Ættesoga for Nærø". Hå kommune, 1971. Trykt hos Ingvald Dahle, Sandnes, 1971.
 - 15 Samtale (oktober 1992) med Karl Søiland f. 1919.

gjennom Søylandsgarden. Her i tunet var det ungdommen møttest i dei dagane¹³.

Gamle Henrik Olsen (1839–1919) som var landhandlaren på Søyland, var ein kraftig kar. Han var ein av dei første som gjekk med gullring i øyra til fest.

Avslutning

Skysstasjonane var viktige for kommunikasjonen på Jæren på 1800-talet, fram til jernbanen kom i 1878. Skysstasjonen på Søyland vart ein viktig samlingsstad utover på 1800-talet og det var naturleg at det også vart landhandel her.